

Solheimsdalen Kraft AS
Solheimsdalen
5694 ONARHEIM

Vår dato: 27.04.2023

Vår ref.: 201306648-26 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE gjev utsett byggjefrist til Solheimsdalen kraftverk, Tysnes kommune

Vi viser til søknad frå Solheimsdalen Kraft AS datert 07.11.2022 om utsett byggjefrist for Solheimsdalen kraftverk i Tysnes kommune.

Bakgrunn

NVE gav konsesjon til Solheimsdalen kraftverk i vedtak den 13.12.2017. Det følgjer av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd og vassdragsreguleringslova § 15 at konsesjonen fell bort dersom ein ikkje er i gang med å byggje innan fem år frå konsesjonen blei gjeven. NVE kan forlengje fristen med inntil fem nye år.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Solheimsdalen Kraft AS:

«Med referanse til konsesjonsvedtak av 13.12.2017 (ref: 201306648-21) søker Solheimsdalen Kraft AS herved om 5 års forlengelse på fristen til å starte bygging av Solheimsdalen kraftverk. Ny frist blir da 13.12.2027.»

Begrunnelser for søknaden:

- *Under arbeid med tilrettelegging for utbygging ble vi anbefalt av NVE å søke om regulering av Dalsætervatnet, ca. 1 km oppstrøms inntaket for Solheimsdalen kraftverk. Anbefalingen ble gitt for bedre utnyttelse av nedbørfeltet og flomdemping i vassdraget.*
- *Konsesjonssøknaden om regulering av Dalsætervatnet med saksnummer 201906032 har dessverre blitt liggende, tilsynelatende uten framdrift i saksbehandlingen, i over 3 år etter utført befaring og høringsrunde.*
- *Strømpriser i 2020, mens vi ventet på reguleringskonsesjonen, var så lave at det da ikke ville være økonomisk forsvarlig å sette i gang utbygging uten konsesjon for regulering av Dalsætervatnet.*
- *Byggearbeidet burde også utføres samtidig for kraftverket og reguleringsdammen. Dette vil redusere belastningen i byggetiden for naboer og*



andre brukere av området og gi noe redusert arealbruk (felles riggområde) samt redusert samlet kostnad.

Økonomisk ser en utbygging bra ut med dagens priser, og med en gitt reguleringskonsesjon som NVE forhåpentlig ferdigstiller snart, så vil kraftverket også være bedre sikret mot flomskader.»

Søknad om forlengja byggjefrist blei sendt NVE før opphavleg frist gjekk ut.

Høyring

Søknad om forlengja byggjefrist har vore på høyring i Tysnes kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune for utsegn. NVE har mottatt følgjande merknader til søknaden om forlengja byggjefrist:

Statsforvaltaren i Vestland uttaler følgjande i brev til NVE den 31.03.2023:

«Statsforvaltaren i Vestland har ikkje opplysningar om viktig naturmiljø som ikkje var kjent i konsesjonsprosessen for Solheimsdalen kraftverk. Naturmiljørapporten vart oppdatert i 2017, og dei naturfaglege undersøkingane gjennomført i oktober 2008 og august 2010. På grunn av lang tid sidan sist datainnsamling, og ytterlegare endringar av rettleiar/metodikkrav, kan det vurderast å gjennomføre ei ny naturfagleg kartlegging. Ut over det har vi ikkje merknadar til at det vert gitt utsett byggjefrist slik det er søkt om.»

Vestland fylkeskommune uttaler følgjande i brev til NVE den 31.03.2023:

Kulturminne

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre databasar om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi som blir direkte råka av konsesjongitt tiltak. Vi har ikkje ny kulturminneinformasjon om området sidan konsesjon vart gjeve i 2017. Vi ber om at vilkår vedrørande omsyn til kulturmiljø og kulturlandskap i gjeldande konsesjon blir vidareført.

Vassmiljø

Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta. Me kjenner ikkje til ny kunnskap om vassmiljøet i det aktuelle området utover det som gjekk fram i samband med konsesjonsvurderinga i 2017. Til orientering er det Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022-2027 som skal leggast til grunn, jf. vassforskrifta.

Friluftsliv

Vi viser til opphavelag innspel til konsesjonssøknad med krav om avbøtande tiltak.

Det må ikkje lagast unødige skjeringar eller fyllingar i terrenget som vil få skjemmande verknad på kulturmiljøet. Det må vera ein plan for revegetering (tilsåing) i etterkant av byggjeprosessen.



Vi kan ikkje sjå at det er gjort nye registreringar sidan 2016, men vi påpeikar at store deler av området er kartlagt som svært viktig friluftsområde, og det er del av eit større inngrepsfritt område.»

NVE si vurdering

Ein søknad om utsett byggjefrist inneber ikkje ei ny samla vurdering av fordelar og ulemper ved tiltaket, slik det blei gjort i handsaminga av konsesjonssøknaden. I sakshandsaminga om byggjefrist skal NVE berre vurdere om det har kome nye eller *endra* omstende etter at konsesjonen blei gjeven. Dersom det kjem fram ny vesentleg informasjon, kan NVE avslå ein søknad om forlengja byggjefrist. Eit sentralt moment i vurderinga vil være om ein kan sette nye vilkår som kan avbøte ulempene. Etablert forvaltningspraksis som er gjeve av forarbeida til vassressurslova og den reviderte vassdragsreguleringslova, gjer at det likevel er rimeleg å utvise omsyn når ein forlengjer byggjefrist.

Søknaden om forlengja byggjefrist har vore på høyring i Tysnes kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland for utsegn. Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland har svara at dei ikkje kjenner til nye forhold i det aktuelle området som kan ha betydning for konsesjonane. Statsforvaltaren har kommentert at det kan vurderast å gjennomføre ei ny naturfagleg kartlegging i området, sidan kartlegginga er frå 2008 og 2010. Kartlegginga følgde NVE rettleiar frå 2009 og rapporten om biologisk mangfald blei oppdatert i 2017 med ny informasjon. NVE meiner derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å kunne fatte eit vedtak om utsett byggjefrist. NVE har også gjort søk i Naturbase og Artskart. Vi kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknaden om forlengja byggjefrist bør bli avslått.

Vi minner om at dette vedtaket berre gjeld byggjefrist for kraftverket og ikkje anleggskonsesjon, som må gjerast i eigen søknad.

NVE sitt vedtak

NVE kan ikkje sjå at det er kome fram ny informasjon som gjer at søknad om forlengja byggjefrist for Solheimsdalen kraftverk bør bli avslått. I medhald av vassressurslova §§ 27 og 19 andre ledd, samt vassdragsreguleringslova § 15, blir byggjefristen forlengja med inntil fem år, til 13.12.2027.

Dei andre vilkåra er dei same som i løyve av 13.12.2017.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om klageadgang.



Med helsing

Inga Nordberg
direktør

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

Solheimsdalen Kraft AS

Kopimottakarliste:

Tysnes kommune

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.